



MILJØDIREKTORATET
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ola Betten, 71 25 84 76

Fagleg vurdering av verdfull natur - Innspel frå Møre og Romsdal

Vi viser til oversending og informasjonsmøte om oppdraget.

Fylkesmannen har gjennomført arbeidet basert på eksisterande kunnskap i Naturbase, Artskart og Sensitive artskart og har brukt eksterne ressursar til å gå igjennom kunnskapstilfanget. Vi har også fått innspel frå fleire organisasjonar, og det er orientert om arbeidet i verneområdestyra for Geiranger-Herdalen og Trollheimen.

Fylkesmannen tilrår at 60 område vert vurdert i den vidare prosessen. Dette omfattar 20 heilt nye område og utviding av 28. Vi foreslår endring av verneform for 21 eksisterande verneområde, inkludert nokre av dei med utviding.

I samband med dette arbeidet vil vi sterkt tilrå at 11 område med dyrelivsfreding i tilknytning til arealvern vert søkt oppheva, og eitt vert endra til biotopvernområde.

Store verneområde

Vi foreslår vidare arbeid med eit fjellområde nord i Ørsta kommune og eitt mellom Eide og Fræna. Vi tilrår også at ein ser på 2 mindre utvidingar av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, etablering av eit naturreservat langs Rauma i og inntil Romsdalen landskapsvernområde, og nokre utvidingar nord-vest i Trollheimen landskapsvernområde.

Naturtypar

Vi har gått igjennom kunnskapen om dei naturtypane vi har manglar på, og har samla desse i grupper. I nokre område har vi fleire verdfulle naturtypar inntil kvarandre, og då har vi vist areal som fangar opp fleire av dei.

- Ulike myrtypar er med i 17 av dei områda vi har trekt fram (7 nye område, 10 utvidingar).
- I 10 område er det med strandnatur som sanddyner og strandenger (3 nye, 7 utvidingar).
- Kalkrike fjellområde finn vi i 3 nye og eit utvidingsområde.
- Nordvendte kystberg er i eitt nytt og to utvidingar.
- Kystlynghei av god kvalitet finst i eitt nytt og to utvidingar.
- Naturbeitemark er ein tilleggs kvalitet i eitt nytt og to utvidingar.



- Vi vil karakterisere eitt nytt og fire utvidingar til å vere andre typar våtmark.
- I tillegg er det eit fåtal lokalitetar med andre naturtypar.

Vassdrag

Vi har vurdert at delar av følgjande vassdrag kan ha kvalitetar for vern etter naturmangfaldlova:

1. Istra (Verneplan for vassdrag III)
2. Solnørvassdraget (VP IV)
3. Osvassdraget (VP IV)
4. Tennfjordelva (ikkje verna)
5. Surna (ikkje verna)

Fylkesmannen trekkjer også fram naturkvalitetane til enkeltelement som innsjøar, gytebekkar, kroksjøar m.v. i andre vassdrag.

Endring av verneform

Vi foreslår at alle fugle- og plantefredingsområda kan vurderast som naturreservat. Dette treng ikkje å medføre noko skjerping av restriksjonsnivået, men vil gjere forvaltinga enklare og tydelegare for både brukarar og forvaltinga.

Vi foreslår vidare at eit område med dyrelivsfreding i Sula kommune, får endra verneform til biotopvern, og at Smågevatnet naturreservat kan inngå i eit litt større landskapsvernområde på Småge i Aukra.

Det kan arbeidast vidare med endring av delar av arealet i Innerdalen og Trollheimen frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

Oppheving av vern

Fylkesmannen foreslår at ca. 210.000 daa med dyrelivsfreding som blei fastsett i våtmarksplanen og vernet av Runde, vert oppheva. Dyrelivsfreding utan arealvern har vist seg å vere eit dårleg verkemiddel for å sikre truga natur, og det har også skapt store konflikhtar i høve til gåseskader i jordbruk og jakt på t.d. hjortevilt. Områda omfattar også heile bygder med bustader, næringsareal og infrastruktur. Verneforma vert opplevd som byråkratisk, då mange av omsyna er teke inn i det generelle lovverket om naturmangfald. Dette medfører ei dobbeltbehandling av dispensasjonssøknader.

Dyrelivsfredinga er knytt til følgjande verneområde:

1. Runde fuglefredingsområde
2. Ullasundet fuglefredingsområde
3. Grimstadvatnet naturreservat
4. Surna naturreservat
5. Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat
6. Mellandsvågen naturreservat
7. Løvsøyrevet fuglefredingsområde
8. Storevika naturreservat
9. Malesanden og Huse fuglefredingsområde
10. Giske fuglefredingsområde
11. Flø fuglefredingsområde
12. Aureosen fuglefredingsområde



Vi har foreslått utviding av nokre tilliggande verneområde inni desse dyrelivsfredingsområda der det ligg til rette for arealvern.

Etter vedtatt vegutbygging foreslår vi at det vert arbeidd med oppheving av vernet av delar av Løvsøyrevet fuglefredingsområde.

Oppsummering

Vi legg ved det etterspurte reknearket som vi har fylt ut etter beste evne. Vi må vedgå at dette har vore krevjande, så vi ber dykk ta kontakt om noko er uklårt.

Til slutt vil vi peike på at dette er ein gjennomgang av areal av naturtypar som kunne lukke manglande i representativitet av vernet av ulike naturtypar, og ikkje noko konkret verneframlegg. Alt er basert på eksisterande kunnskap, og det er ikkje halde synfaringar eller andre avklaringar. Avgrensingane er heller ikkje kvalitetssikra godt nok i høve til mogelege konflikhtar med ulike brukarinteresser. Ut frå dette må det understrekast i alle ledd i prosessen at dette ikkje er nokre konkrete verneframlegg, men ei kvalitetsvurdering av natur i fylket.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
miljøverndirektør

Ola Betten
fagansvarleg

Dokumentet er elektronisk godkjent